



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
17/24496-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
14.03.2017

### Reguleringsplan for del av Mjåtveitmarka – Meland kommune – Merknad til oppstart av planarbeid

Vi viser til motteke varsel om igangsetjing av privat reguleringsarbeid for del av Mjåtveitmarka, Meland kommune. Føremålet med planarbeidet er å regulere til bustad, primært eine- og tomannsbustader.

I kommuneplanens arealdel er området vist som bustadområde B\_7, og av føresegn §1.1, tab. 1, går det fram at kommuneplanens arealdel går føre reguleringsplan for Mjåtveitmarka for dette området. I reguleringsplan for Mjåtveitmarka var området regulert til industri/lager.

#### Innspel til planarbeidet

Statens vegvesen bed generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessar:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til riksveg/fylkesveg (kryss, avkjørslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til riksveg/fylkesveg
- Vegtrafikkstøy

Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker

#### Tilkomst til området – samordning av planarbeid


I reguleringsplan for Mjåtveitmarka hadde industriområdet tilkomst frå eksisterande industriområde i aust, via rundkøyring mellom fv. 564 og kommunal veg Mjåtveitflaten. I dette reguleringsplanarbeidet må ein vurdere om området skal ha tilkomst frå Mjåtveitflaten eller Mjåtveitmarka.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
fir mapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø



Krysset frå fv. 564 til Mjåtveitmarka er noko utbetra i seinare tid. Statens vegvesen vurderer dagens kryss til å vere tilstrekkeleg til dei gjeldande reguleringsplanane i området. Ved vidare utbygging/nye reguleringsplaner som skal nytte denne tilkomsten, vil det vere trong for passeringslomme i fv. 564, evt. venstresvingefelt, for å unngå at vestgåande trafikk på fylkesvegen vert hindra av trafikk inn til Mjåtveitmarka. Dette har vi òg gitt merknad om ved varsel om oppstart til reguleringsplanarbeid for del av område B\_8, planID 1256-2015005.

Vi erfarer at det er fleire prosjekter i gang og under oppstart i dette området. Av omsyn til tilkomst frå fv. 564 meiner vi at desse må sjåast i samanheng, og Statens vegvesen vil be om at Meland kommune samordnar planane, og vurderer utbyggingsavtale for å sikre gjennomføring av tiltak.

#### Tryggleik for mjuke trafikantar

G/s-vegen som er innlemma i planområdet har noko tilkomstkøyning i starten av vegen, til område B11\_KS. Av omsyn til trafikktryggleik for dei mjuke trafikantane ber Statens vegvesen om at det ikkje vert lagt til rette for meir køyning på denne g/s-vegen.

#### Byggegrense

I reguleringsplan for Mjåtveitmarka er byggegrense langs fylkesveg 564 satt til 50 meter, i tråd med *Rammeplan for avkøyrslar og byggegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest*. Vi ber om at dette vidareførast i dette planarbeidet. Byggegrensa gjeld alle tiltak jf. pbl. §20-1, inkl. støytak, murar, carport m.v.

#### Støy

Deler av planområdet ligg innanfor gul støyzone. Vi gjer merksam på at dersom det vert planlagt nye bustader i gul støyzone, skal kommunen krevje at det vert utarbeida ei støyfagleg utgreiing saman med planframlegget, jamfør retningslina for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2012). Vi gjer særleg merksam på støyretningslina sine krav knytt til støy nivå på uteopphaldsareal og på fasade (stille side).

Uttale til oppstartsmelding er ikkje uttømmende, og konsulent skal i planarbeidet gjere vurderingar knytt til avkjørsla, trafikktryggleik m.m.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG